

▼ ANNONSE

[Nyhende →](#)

Slik har det gått etter fem månader med delvis sjølvbetjent butikk

9. februar opna Gunn Sørum og Joker Hjelledalen for sjølvbetjent butikk på kveldstid. Erfaringane hennar er gode.



Buda: Gunn Sørum, dagleg leiar ved Joker Hjelledalen, er godt nøgd med dei første månadene med delvis sjølvbetjent butikk.
FOTO: BENGT FLATEN

Oppdatert: 2 dagar sidan

Tilbodet med delvis sjølvbetjent butikk har kome for å bli ved Joker Hjelledalen.

– Vi let butikken vere tilgjengeleg frå 06 til midnatt då vi etablerte tilbodet, og tilbakemeldingane særleg frå lokalbefolkninga var at dette er eit suverent system. Samanlikna med opningstider utanom sommarsesongen gav dette ni timer lenger «opningstid», og sju timer lenger på sommaren. Det vil seie at i juli kører vi eit

prøveprosjekt med døgnope butikk. Så får vi ta ei evaluering av det når juli er omme, seier Sørum.

Før ho kjem fram til evalueringa, kan ho likevel konkludere med at det ikkje er stort behov etter midnatt.

– Her er folk innom også på natta, men ikkje mange.

Ho har ikkje rekna og analysert tal enno, men er klar på at tilbodet med sjølvbetjent butikk på kveld og natt fører til auka omsetjing utan at tilsette er fysisk på plass.

– Så det vil gje eit positivt utslag. Likevel er det viktig å poengtere at det ikkje gjer seg sjølv. Vi må alltid vere ein som kan hjelpe til, dersom det er noko ein kunde ikkje finn ut av. Så det går ikkje av seg sjølv. Lokalbefolkinga er så å seie utlært etter å ha brukt systemet nokre månader, medan det er meir krevjande å gje support til turistane som ikkje har vore borti denne måten å handle på før.

– Vil du anbefale løysinga til andre?

– Ja, særleg dersom du er der at butikken slit økonomisk. Då kan denne løysinga vere eit godt bidrag, sjølv om det krevst ei stor investering for å kome igang. Men det er neppe ideelt i byar. For Joker Hjelldalen var det ikkje økonomiske problem som gjorde at vi valde å satse, men fordi vi såg moglegitene. Så er det alltid slik at løysinga ikkje er fulkommen frå første dag. Nokre av erfaringane vi har gjort oss er blitt spelt tilbake til systemleverandør, seier Sørum.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



Ferietips:

Husk å betale med
SpareBank 1s kredittkort
på reisen.

SpareBank 1



Les mer

Effektiv rente 23,9 %, 15.000 kr, o/12 mnd, kostnad 1.518 kr. Totalt 16.518 kr.

Delvis sjølvbetjent butikk gjeld og søndagane, så lenge kommunen tillet det. I dag er dette ei ordning for perioden 15. mai til 15. september.

– Eg ønskjer primært å utvide ordninga til heile året, altså den sjølvbetjente delen. Men i alle fall såpass lenge at vi får med oss både påske og lenger utover hausten. Slik til dømes Dønfoss har fått lov til.

LES ÒG:



Første sjølvbetjente butikk i Stryn: - Det er vi stolte av

ABONNENT

LES ÒG:



Vil ha lenger periode med søndagsopne butikkar

ABONNENT